

(Førebels utgåve)

**Arbeids- og administrasjonsdepartementet**

**Kapitla 660, 664, 666, 2543, 2652, 2655,  
2670, 2680 og 2683**

# **St.prp. nr. 73**

**(2002-2003)**

## **Om trygdeoppgjeret 2003**

*Tilråding frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet av 6. juni 2003,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringen Bondevik II)*

### **1 Innleiing**

Regjeringa legg med dette fram forslag om regulering av grunnbeløpet i folketrygda og om auka løyvingar på statsbudsjettet for 2003 som følgje av dette.

I forslaget til regulering av grunnbeløpet har regjeringa lagt særleg vekt på to omsyn. Det eine er å sikre pensjonistane ei inntektsutvikling minst på linje med lønstakarane. Det andre er omsynet til det inntektspolitiske samarbeidet. Forslaget til G-regulering som no vert lagt fram saman med ein etterreguleringsklausul, gir etter regjeringas syn ei løysing som på ein tilfredsstillande måte tek omsyn til det.

Regjeringa drøfta regulering av grunnbeløpet med organisasjonane Norsk Pensjonistforbund, Landsorganisasjonen i Noreg og Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon i møter 27., 28., og 29. mai 2003. Frå regjeringa si side vart det lagt stor vekt på å kome fram til semje med organisasjonane i desse drøftingane. Det viste seg likevel ikkje å vere mogleg.

Regjeringa gjer framlegg om å auke grunnbeløpet med i alt kroner 2 374 frå kroner 54 170 til kroner 56 544 frå 1. mai i år. Det gir ei auke i gjennomsnittleg grunnbeløp frå 2002 til 2003 på 4,73 prosent og samsvarer med det som vart lagt fram for organisasjonane under drøftingane.

Etter framlegget vil pensjonen for dei einslege minstepensjonistane auke med kroner 4 260 pr år til kroner 101 400 pr år. For eit minstepensjonistektepar aukar pensjonen med kroner 12 984 per år til kroner 180 192 pr år. Utrekninga tek omsyn til at grunnpensjonen for ektepar og sambuande auka frå 0,75 G til 0,8 G frå 1. mai 2003.

Meirutgiftene for 2003 av auken i grunnbeløpet vert omlag 4 249 mill. kroner, inkludert reguleringa av statspensjonane per 1. mai 2003, jf. St.prp. nr. 72 (2002-2003).

## **2 Drøftingane med organisasjonane om regulering av grunnbeløpet**

Staten har i drøftingane med Norsk Pensjonistforbund, Landsorganisasjonen i Noreg og Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon teke utgangspunkt i retningslinjene for regulering av pensjonistane sine inntekter som Stortinget vedtok 28. mai 2003, jf. Innst.S.nr 223 (2002-2003):

”Etter drøftingar på førehand med organisasjonar for pensjonistane gjer Regjeringa framlegg for Stortinget om regulering av grunnbeløpet i folketrygda.

Reguleringa av grunnbeløpet skjer normalt 1. mai kvart år.

Siktemålet for reguleringa skal vera å gi pensjonistar med folketrygdpensjon ei inntektsutvikling minst på linje med utviklinga for yrkesaktive, korrigert for særlege tilhøve, og i tråd med dei prinsipp og mål som er lagt til grunn for gjennomføringa av det inntektspolitiske opplegget elles. Til grunn for reguleringa skal liggje venta inntektsutvikling for lønstakarar i alt i reguleringsåret etter justering av grunnbeløpet for avvik mellom venta og reell lønnsauke siste år.

Venta inntektsutvikling for yrkesaktive blir fastsett med utgangspunkt i inntektsoppgjera for lønstakarar i alt. Det skal følgje med eit bakgrunnsmateriale som viser kva tala for venta inntektsutvikling for yrkesaktive er basert på og andre tilhøve som har hatt innverknad på fastlegginga av grunnbeløpet. Materialet skal også vise korleis inntektsutviklinga har vore for yrkesaktive og pensjonistar siste år og i dei seinare åra. Oversikt over utviklinga for yrkesaktive i alt basert på materiale om lønnsutviklinga frå Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera.”

Regjeringa meiner det her er tre forhold som er sentrale. Det eine er å sikre ein inntektsvekst minst på linje med lønstakarane, det andre er omsynet til det inntektspolitiske opplegget og det tredje er at den lønsveksten som veksten i G skal samanliknast med, skal korrigerast for særlege høve.

Regjeringa har lagt til grunn at det skal gis ein etterslepskompensasjon på 0,6 prosent for 2001 slik Stortinget har vedteke at det skal reknast. Regjeringa sitt framlegg til etterregulering byggjer på Stortinget sine føresetnader om at 0,6 prosent skal koste 572 mill kroner. Det tyder at tillegget skal reknast av gjennomsnittsnivået for grunnbeløpet i 2002 og ha verknad frå 1. mai 2003. Etterslepstillegget frå 2001 gir ein viss overkompensasjon. Dette heng saman med, slik regjeringa tolkar stortingsfleirtalet, at lønsveksten skal korrigerast for dei tillegg som vart gitt i samanheng med ”lærarpakkene”. Dette er ikkje gjort i organisasjonane sine berekningar som Stortinget har lagt til grunn for si talfesting av etterslepet. Slik sett skulle etterslepet frå 2001 vore 0,2 prosentpoeng lågare.

For 2002 er lønsveksten berekna til 5,7 prosent for lønstakarar i alt. Korrigert for lærarpakka vert lønsveksten om lag 5,5 prosent I 2002 vart det lagt til grunn ein venta lønsvekst på 5 prosent, noko som gir eit berekna etterslep på 0,5 prosent

I Revidert nasjonalbudsjett 2003 er venta lønnsvekst for lønntakarar i alt sett til om lag 4 ½ prosent. Justert for etterverknaden av lærarpakka gir det ein lønnsvekst på om lag 4,4 prosent. Regjeringa legg til grunn at 0,6 prosent og 0,5 prosent kompensasjon for etterslep i G-veksten skal haldast utanfor i samanlikninga med lønnsveksten frå 2002 til 2003. Det kan da, når det gjeld venta lønnsvekst, òg vera rimeleg å halde kompensasjon for etterslep som lønntakarar har fått, utanom. Ein del av overhenget til 2003 for grupper av lønntakarar, til dømes helsepersonell og grupper i kommunesektoren, har samanheng med avtala tillegg i 2002 som var sikta inn mot å ta att etterslep. Samla sett legg regjeringa til grunn at det kan vere rimeleg å nytte 4,2 prosent som anslag på lønnsvekst frå 2002 til 2003 når lønnsveksten skal korrigerast for særlege høve. Når ein seinare skal rekne ut eventuelt etterslep, må likevel samla lønnsvekst leggest til grunn.

Det inntektspolitiske samarbeidet har som mål å medverke til at lønnsveksten i Noreg kjem meir på linje med lønnsveksten i andre land. For å få til det la partane i arbeidslivet til grunn at det var lønnsveksten i den konkurranseutsette sektoren som skulle leggje føring for dei andre områda. Regjeringa har derfor i tilbodet til pensjonistane lagt til grunn om lag same opplegg som er brukt i statsoppgjeret, dvs at inntektsveksten i første omgang blir knytt opp mot konkurranseutsett sektor. I tillegg er det i tilbodet lagt inn ein garantiføresegn som skal ha verknad frå 1. januar 2004. Den sikrar eit tillegg som motsvarar forskjellen mellom veksten i G og den observerte lønnsveksten i konkurranseutsett sektor.

Under følgjer staten sitt tilbod og organisasjonane sine krav i tryggedrøftingane 2003.

Staten sitt tilbod:

1. Til grunn for tilbudet ligger:
  - a. Retningslinjene for regulering av G vedtatt av Stortinget 28.05.03.
  - b. Stortingets forutsetning om at etterslep fram til 2001 skal kompenseres med en økning av G med 0,6 % svarende til en kostnad på 572 mill kr i 2003. Dette innebærer en økning av G med kr. 319 fra 1. mai 2003 (0,6 % regnet av gjennomsnittlig G for 2002).
2. Det gis kompensasjon for etterslepet fra perioden 2001 til 2002. Etterslepet beregnes som differansen mellom reell lønnsvekst i alt fra 2001 til 2002 (TBUs beregning er 5,7 %) og venta lønnsvekst ved G-reguleringen i 2002 (5,0 %). Med henvisning til retningslinjene hvor det heter "...minst på linje med utviklinga for yrkesaktive, korrigert for særlege tilhøve og i tråd med dei prinsipp og mål som er lagt til grunn for det inntektspolitiske opplegget elles..", legges det til grunn at lønnsveksten i alt skal korrigeres for tillegg i lønnsoppgjørene for lærerne som referer seg til lærerpakken og som anslås til å bety om lag 0,2 % på årslønnsveksten fra 2001 til 2002 for lønntakere i alt. Dette gir en regulering av G på 0,5 % eller 266 kroner fra 1. mai 2003 regnet av gjennomsnittlig G for 2002.

3. Det inntektspolitiske opplegget for 2003, som partene i arbeidslivet og regjeringen er enige om, forutsetter at det er lønnsveksten i konkurranseutsatt sektor som skal legges til grunn i de øvrige oppgjørene. Anslaget for lønnsveksten i konkurranseutsatt sektor er satt til om lag 4 %. Det svarer til anslaget for lønnsveksten for arbeidere i industrien i LO/NHO-området og er lagt til grunn for bl.a. lønnsoppjøret i staten. Med henvisning til de vedtatte retningslinjene for G-regulering (jfr pkt 2) gis det et tillegg i G fra 1. mai 2003 som korrigerer for overheng på 1,76 % gir en vekst fra 2002 til 2003 på 4 %. Det motsvarer et tillegg på kr. 1789 fra 1. mai 2003.
4. Det avtales en reguleringsklausul som følger:
  - a. Med utgangspunkt i oppdateringsrapporten til TBUs rapport nr 1 for 2004 om lønnsveksten for arbeidere og funksjonærer i industrien anslås lønnsveksten i konkurranseutsatt sektor fra 2002 til 2003. Det gis et tillegg i G fra 1. januar 2004 som motsvarer forskjellen mellom anslaget for lønnsveksten og veksten i G fra 2002 til 2003. Det innkalles til møte om reguleringen mellom pensjonistenes organisasjoner og staten så snart TBUs rapport foreligger.
  - b. Det inntektspolitiske opplegget for 2003 forutsetter at konkurranseutsatt sektor skal legge grunnlag for lønnsveksten i de øvrige områdene. Dersom det viser seg at lønnsveksten i alt avviker fra lønnsveksten i konkurranseutsatt sektor vil det tas hensyn til dette ved den ordinære reguleringen av G pr 1. mai 2004 i tråd med retningslinjenes bestemmelser om en inntektsutvikling minst på linje med lønnstakere i alt.

Samlet tillegg pr 1. mai 2003 blir etter dette kroner 2374. Veksten fra 2002 til 2003 blir på 4,73 %.”

#### Organisasjonane sitt krav:

”Organisasjonene har i sine krav lagt til grunn Stortingets forutsetninger i B. Inst. S. Nr. 11 (1999 – 2000) om at en skal ta hensyn til både den forventede og historiske lønnsutvikling i forbindelse med fastsetting av grunnbeløpet.

Videre har organisasjonene lagt til grunn de vedtak som Stortinget har fattet i 2002 som vi vil komme tilbake til.

#### 1. RETNINGSLINJENE FOR TRYGDEOPPGJØRET

Ved behandlingen av Innst. S. Nr. 272 ( 2001– 2002) fra Sosialkomiteen om trygdeoppjøret for 2002 gjorde Stortinget følgende vedtak:

” Stortinget ber Regjeringen legge frem sak om retningslinjene for trygdeoppjøret. Saken legges frem slik at Stortinget kan vedta eventuelle nye retningslinjer i forkant av trygdeoppjøret 2003.”

Organisasjonene sendte et forslag om nye retningslinjer til Regjeringen v/Statsminister Kjell Magne Bondevik den 14. august 2002.

I svar fra Arbeids- og administrasjonsdepartementet den 30. september f.å. uttalte departementet:

”Arbeids- og administrasjonsdepartementet vil i samråd med Finansdepartementet og Sosialdepartementet legge saken frem for Stortinget tidlig i 2003. Norsk Pensjonistforbund vil sammen med de andre berørte organisasjonene bli tatt med på råd i arbeidet med saken, slik at organisasjonenes syn blir gjort kjent for Stortinget. Hvordan dette mest praktisk kan skje, vil vi komme tilbake til.”

I St. meld. Nr. 32. (2002 – 2003) godkjent i statsråd 30. april 2003, kommer regjeringen med en begrunnelse til at de ikke har villet fremme forslaget til nye retningslinjer for Stortinget som Stortinget har bedt om.

Organisasjonene må bare beklage at Regjeringen ikke har fremmet forslag til nye retningslinjer som forutsatt, da de argumenter som brukes i St. meld. nr. 32 er godt kjent av både Stortinget og organisasjonene.

## 2. ETTERSLEP/UNDERREGULERING FRA PENSJONISTOPPGJØRET 2002.

Organisasjonene viser til behandlingen av B. Innst. S. nr. 11 (2002–2003) 11. desember 2002 hvor Stortinget gjorde følgende vedtak:

” Stortinget ber Regjeringen ta igjen etterslepet fra pensjonistoppgjøret i juni 2002 før trygdeoppgjøret i 2003.”

Organisasjonene viser til protokollen fra det engere utvalg av 12. april 2002 hvor det fremkommer at årslønnsveksten for alle grupper fra 2000 til 2001 var 4.8 prosent for lønnstakere i alt.

I protokollen fremkommer det videre at partene hadde lagt til grunn en beregnet lønnsvekst fra 2000 til 2001 for alle grupper å bli på 4 prosent, slik at underreguleringen av grunnbeløpet fra 2000 til 2001 ble på 0.8 prosent.

Ved trygdeoppgjøret 2002 ble det gitt et tillegg på 5.2 prosent, med en beregnet årslønnsvekst for alle grupper til å bli på 5 prosent, slik at det faktiske etterslep for 2000 til 2001 ble på 0-6 prosent.

## 3. ORGANISASJONENS KRAV TIL TRYGDEOPPGJØRET 2003.

Organisasjonene viser til behandlingen av B. Innst. S. Nr. 11 ( 2002–2003) 11. desember 2002 hvor Stortinget gjorde følgende vedtak:

”Stortinget ber Regjeringen sørge for at reguleringen av grunnbeløpet i folketrygden minst reguleres i tråd med lønnsutviklingen for yrkesaktive.”

A. årslønnsveksten fra 2001 til 2002.

Regjeringen har denne gang ikke innkalt det engere utvalg for drøfting av årslønnsveksten fra 2001 til 2002.

Ut fra dette viser vi til tall fra det tekniske beregningsutvalg for inntektsoppgjørene. Det tekniske beregningsutvalg har beregnet årslønnsveksten fra 2001 til 2002 til å bli 5.7 prosent.

Ved trygdeoppgjøret 2002 ble den beregnede årslønnsvekst å bli på 5 prosent.

Ut fra dette fremkommer det et etterslep fra 2001 til 2002 på 0.7 prosent.

#### B. Beregnet årslønnsvekst fra 2002 til 2003

Lønnsoppgjørene for 2003 er enda ikke ferdige, men organisasjonene viser til St. melding nr. 1 (2002–2003) hvor Regjeringen anslår årslønnsveksten for alle grupper fra 2002 til 2003 til 5%.

#### C. Organisasjonenes samlede krav.

1. Etterslep fra 2000 til 2001 ” 0,6 prosent
2. Etterslep fra 2001 til 2002 ” 0,7 prosent
3. Beregnet årslønnsvekst 2002 til 2003 ” 5,0 prosent

Samlet krav til økning av gjennomsnittlig årsgrunnbeløp Totalt 6,3 prosent.  
Eller kr. 3630,- fra 1.mai 2003 (6.70%) ”

Protokollane frå møta i det engere utvalet 24. mai og frå drøftingane 27., 28. og 29. mai 2003 følgjer som vedlegg til proposisjonen.

Frå regjeringa vart det lagt stor vekt på at ein i årets trygdeoppgjer skulle kome fram til ein avtale med pensjonistane sine organisasjonar. Det var håp om at dette skulle vore mogleg når Stortinget gjennom dei nye retningslinjene hadde lagt grunnlag for at organisasjonane kunne vere trygge for parallelliteten med lønstakarane.

Drøftingane med organisasjonane har likevel vore vanskelege. Avstanden var stor, og som det går fram av kravet, la organisasjonane til grunn ein inntektsvekst for 2003 på 5 prosent. Organisasjonane slutta seg til berekningane av etterslepet når det gjaldt tala på 0,6 prosent og 0,5 prosent. Dette er presisert i protokollen frå drøftingane, men og at ein ikkje kom fram til semje om kva kostnadsramma for tillegget skulle være. Når det gjaldt tillegget for 2003, nådde ein ikkje fram

Framlegget tyder at grunnbeløpet i folketrygda vert auka med kroner 2 374 frå kroner 54 170 til kroner 56 544. Dette gir ei auke i gjennomsnittleg grunnbeløp frå 2002 til 2003 på 4,73 prosent. Pensjonen for dei einslege minstepensjonistane vil auke med kroner 4 260 per år til kroner 101 400 pr år. For eit

minstepensjonistektepar aukar pensjonen med kroner 12 984 pr år til kroner 180 192 pr år. Utrekninga tek også omsyn til at grunnpensjonen for ektepar auka frå 0,75 G til 0,8 G frå 1. mai 2003.

Gjennom auken i grunnpensjon for ektepar og sambuande, har Stortinget allereie vedteke ei inntektsauke for pensjonistane. Den er kostnadsrekna til om lag 960 mill. kroner på årsbasis og slår ut med knapt 0,5 prosent i inntektsvekst frå 2002 til 2003. Dette er rett nok ikkje eit tillegg som alle får, men når det til dømes gis tillegg til lågtlønnte i lønsoppgjera så får heller ikkje alle det, men det vert rekna inn i den samla ramma for oppgjera. Det er likevel ikkje regjeringa si meining at dette tillegget skal reknast inn i ramma for årets trygdeoppgjer, men det høyrer med når ein vurderer regjeringa sitt framlegg. Endringa vil føre til at inntektsveksten for pensjonistane i år vert om lag 5,2 prosent før eventuell etterregulering frå 1. januar og 1. mai neste år. Utviklinga i pensjonistane si inntekt som gruppe er vist i tabell 4.1.

Regjeringa meiner at tilbodet organisasjonane fekk var eit godt tilbod. Tilbodet gir ein inntektsvekst på linje med det som er anslaget for konkurranseutsett sektor og som det er semje om at alle oppgjer for lønstakarane skal sikte mot. Den særlege reguleringsklausulen sikrar at dei ikkje må vente til 1. mai 2004 dersom føresetnadene ikkje slår til. Slik vert det tatt omsyn både til formuleringane ”..minst på linje med ..” og ”..i tråd med dei prinsipp og mål som er lagt til grunn for gjennomføringa av det inntektspolitiske opplegget elles” i retningslinjene. Boks 4.1 syner korleis endringar i G og grunnpensjon for ektefellar og sambuande har påverka inntektsutviklinga til pensjonistar jamført med lønstakarar i alt.

### **3 Verknader av framlegget til pensjonsregulering**

Meirutgiftene ved framlegget om ei auke i grunnbeløpet på kroner 2 374 frå 1. mai 2003 jamnført med reglar og satsar før 1. mai 2003, vert på om lag 4 249 mill. kroner i 2003, inkludert reguleringa av statspensjonane per 1. mai 2003, jf. St.prp. nr. 72 (2002-2003).

Ei auke i gjennomsnittleg grunnbeløp på 0,1 prosent frå 2002 til 2003 kostar 143 mill. kroner over statsbudsjettet i 2003. Fordi auken vert gitt frå 1. mai krev det ei auke i grunnbeløpet på 0,15 prosent frå denne dato. Det fører i sin tur til at årsverknaden av ei slik auke i 2003 vert om lag 215 mill. kroner i 2004. Kostnadene for kommunane mellom anna grunngeve i auka pensjonskostnader er ikkje medrekna her.

Tabell 3.1 syner utviklinga i minstepensjonane og pensjonane for unge uføre frå 1. januar 1990 etter forslaget til pensjonsregulering, medan tabell 4.1 viser inntektsutviklinga før skatt for pensjonistar og lønstakarar frå 2000 til 2002.

Tabell 3.1 Utvikling av minstepensjonane og pensjonane for unge uføre i perioden 1.1.1990 - 30.04.2004. Kroner

	Minstepensjon				Unge uføre født før	
	Einslege		Ektepar		1941	
	Per år	Per mnd.	Per år	Per mnd.	Per år	Per mnd.
1.01.90-30.04.90.....	51 839	4 320	83 972	6 998	56 748	4 729
1.05.90-30.11.90 .....	54 220	4 518	87 960	7 330	58 980	4 915
1.12.90-30.04.91.....	54 378	4 532	88 217	7 351	65 290 <sup>1</sup>	5 441 <sup>1</sup>
1.05.91-30.04.92.....	56 978	4 748	92 158	7 680	75 688 <sup>2</sup>	6 307 <sup>2</sup>
1.05.92-30.04.93.....	58 583	4 882	94 752	7 896	85 775 <sup>3</sup>	7 148 <sup>3</sup>
1.05.93-31.12.93.....	59 868	4 989	96 816	8 068	87 648 <sup>4</sup>	7 304 <sup>4</sup>
1.01.94-30.04.94.....	59 868	4 989	101 088 <sup>5</sup>	8 424 <sup>5</sup>	87 648 <sup>4</sup>	7 304 <sup>4</sup>
1.05.94-31.12.94.....	61 116	5 093	103 200	8 600	89 484 <sup>4</sup>	7 457 <sup>4</sup>
1.01.95-30.04.95 <sup>6</sup> .....	61 512	5 126	103 992	8 666	89 484 <sup>4</sup>	7 457 <sup>4</sup>
1.05.95-30.04.96.....	63 372	5 281	107 136	8 928	92 184	7 682
1.05.96-30.04.97.....	66 240	5 520	111 984	9 332	96 360	8 030
1.05.97-30.04.98 <sup>7</sup> .....	69 360	5 780	117 456	9 788	105 612	8 801 <sup>8</sup>
1.05.98-30.04.99 <sup>9</sup> .....	81 360	6 780	140 040	11 670	112 752	9 396
1.05.99-30.04.00.....	84 204	7 017	144 912	12 076	116 676	9 723
1.05.00-30.04.01.....	88 032	7 336	151 512	12 626	121 992	10 166
1.05.01-30.04.02.....	92 100	7 675	158 520	13 210	127 632	10 636
1.05.02-30.04.03.....	97 140	8 095	167 208	13 934	134 616	11 218
1.05.03-30.04.04 <sup>10</sup>	101 400	8 450	180 192 <sup>11</sup>	15 016	140 508	11 709

<sup>1</sup> Frå 1.01.1991.

<sup>2</sup>Frå 1.01.1992.

<sup>3</sup>Frå 1.01.1993 (p.g.a. hevinga av aldersgrensa).

<sup>4</sup> Født før 1943 (1.01.26-31.12.42).

<sup>5</sup> Heving av sats for særtillegget for ektepar frå 1.01.94. Ny sats 2 x 60,5 pst. av grunnbeløpet, dvs. dobbelt av ordinær sats og ny minstesats.

<sup>6</sup> Heving av sats for særtillegget frå 1.01.95. Ordinær sats utgjorde 61,55 pst. av grunnbeløpet.

<sup>7</sup> Heving av sats for særtillegget frå 1.05.97. Ordinær sats utgjorde 63,2 pst. av grunnbeløpet (minstesats 57,5 pst).

<sup>8</sup> Auking av garantert poengtal frå 3 til 3,3.



<sup>9</sup> Heving av sats for særtillegget frå 1.05.98. Ordinær sats utgjer 79,33 pst. av grunnbeløpet, medan minstesats utgjer 74 pst. av grunnbeløpet.

<sup>10</sup> Med atterhald om vedtak i Stortinget.

<sup>11</sup> Utrekninga tek utgangspunkt i at grunnpensjonen for ektepar er økt frå 0,75 G til 0,8 G frå 1. mai 2003

Kjelde: Rikstrygdeverket

## 4 Nærare om utviklinga dei seinare åra

Tabell 4.1 syner den prosentvise auken i grunnbeløpet, minstepensjon, gjennomsnittleg alderspensjon og uførepensjon og auken i årsløn for ulike grupper av yrkesaktive for perioden 1994 – 2002.

*Tabell 4.1 Utvikling i grunnbeløp og inntekter for minstepensjonistar og lønstakarar og gjennomsnittleg alders- og uførepensjon.. Årleg gjennomsnitt i perioden 1994 - 1999. Prosentvis endring frå året før og årleg gjennomsnitt i perioden 2000 - 2002.*

	1994-1999	2000	2001	2002	2000 - 2002
Folketrygdpensjon					
Grunnbeløp.....	4,2	4,2	4,6	5,2	4,7
Minstepensjon.....					
- Einslege.....	6,5	4,2	4,6	5,2	4,7
- Ektepar.....	6,9	4,2	4,6	5,2	4,7
Alderspensjon i gj.snitt.....	6,1	5,0	5,5	6,2	5,6
Uførepensjon i gj.snitt <sup>1</sup> .....	5,5	4,0	4,3	7,0	5,1
Årsløn					
Arbeidarar I LO/NHO-området...	4,5	4,5	4,9	5,6	5,0
Statstilsette.....	4,6	4,6	4,2	5,9	4,9
Kommunetilsette.....	4,4	4,0	3,5	6,0	4,5
Lønstakarar i alt.....	4,6	4,5	4,8	5,7	5,0
Lønstakarar i alt korr. for lærarar <sup>2</sup>		4,5	4,6	5,5	4,9
Konsumprisindeksen		3,1	3,0	1,3	2,5

<sup>1</sup> Gjennomsnittlig uførepensjon er berekna ut frå rekneskapstal for året dividert på gjennomsnittleg tal på uførepensjonistar i året.

<sup>2</sup> Dei særskilde elementa i oppgjeret for skuleverket vert her halde utanom.

Kjelde: Rikstrygdeverket og Arbeids- og administrasjonsdepartementet

Grunnbeløpet i folketrygda auka i perioden 2000 – 2002 med i gjennomsnitt 4,7 prosent per år. Det er 0,1 prosentpoeng mindre per år enn for lønstakarar i alt. Utviklinga i minstepensjonane vert bestemt av utviklinga i grunnbeløpet og i satsane for særtillegg. Satsane for særtillegget har ikkje auka i perioden slik at

minstepensjonen både for einslege og for ektepar har auka i takt med grunnbeløpet.

Grunnbeløpet i folketrygda auka med kroner 2 270 frå 1. mai 2001 og kroner 2 810 frå 1. mai 2002. Den ordinære satsen for særtillegget i folketrygda er 79,33 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 1998. Minstesatsen for særtillegget er frå same tidspunkt 74 prosent.

Frå 2001 til 2002 auka grunnbeløpet, tilleggspensjonane, og minstepensjonen for einslege og for ektepar med 5,2 prosent. Med ei prisstigning på 1,3 prosent gav det ein sterk realvekst i pensjonane.

I følgje Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera var lønsveksten frå 2001 til 2002 5,7 prosent for alle grupper under eitt (jf. tilleggsrapport av 28. mars 2003). Lønsveksten for industriarbeidarar i NHO-bedrifter var 5,0 prosent, for statstilsette 5,9 prosent og for kommunetilsette 6,0 prosent.

I Revidert nasjonalbudsjett 2003 er det lagt til grunn ein gjennomsnittleg vekst i løningane frå 2002 til 2003 på om lag 4½ prosent for alle grupper under eitt. Skulepakke II aukar isolert sett lønsveksten for alle grupper under eitt med om lag ¼ prosentpoeng fordelt på åra 2002 og 2003. Dei særskilde tilleggane for skuleverket har sin motpost mellom anna i at lærarane skal auke undervisningstida pr veke.

#### **Boks 4.1**

Dersom det vert teke utgangspunkt i 2001 og ein legg til grunn at etterslepskorreksjonen på 0,6 prosent er lagt inn i dette nivået, får ein følgjande indeksseriar for løn korrigert for "lærarpakkene" og inntektsutviklinga for pensjonistar som følgje av endringane i G og grunnpensjon for ektefellar og sambuande.

Indeks for inntektsutviklinga til pensjonistar:

2001 = 100; 2002 = 105,2 (+ 5,2 %); 2003 = 110,2 (+ 4,33 % + 0,45%)

Indeks for lønsveksten korrigert for effekten av "lærarpakkene":

2001 = 100; 2002 = 105,5 (+5,5 %); 2003 = 110,1 (+ 4,4 %)

Regjeringa og organisasjonane i arbeidslivet drøfta i møte i Kontaktutvalet den 22. januar i år situasjonen føre lønsoppgjera i 2003. Det vart oppnådd semje om å tilpasse den samla veksten i lønskostnadar i 2003 til utfordringane i konkurranseutsett næringsliv og arbeidet med full sysselsetjing. I arbeidet for å nå dette målet er det avgjerande at alle grupper vert omfatta.

I LO/NHO-området vart det i år ikkje avtala sentrale generelle tillegg, men det vart avtala låglønstillegg i ein del områder. For industriarbeidarar i LO/NHO-

området vil lønsoverhenget inn i 2003 og låglønstillegga gi eit bidrag til veksten i årsløna frå 2002 til 2003 på om lag 2¼ prosent. I tillegg kjem bidrag frå gliding i lønene, som i 2002 var 1,7 prosentpoeng.

I staten og i kommunane er det sentralt ikkje avtalt lønstillegg i 2003. I staten vil lønsveksten frå 2002 til 2003 difor i stor grad vere bestemt ved overhenget til 2003 som er berekna til 3,8 prosent. I kommunane (KS-området) vart det avtalt tillegg for i år under oppgjeret i 2002 slik at lønsveksten i kommunane før gliding er om lag 4½ prosent frå 2002 til 2003. Glidinga i offentleg sektor er klart lågare enn i privat sektor. Det er venta lågare bidrag frå lønsgliding i staten i år enn i tidlegare år. I kommunane er det venta at bidraget frå lønsgliding vert om lag ¼ prosent i år (eksklusive fristilne stillingar).

I Revidert nasjonalbudsjett 2003 legg regjeringa til grunn ein prisvekst frå 2002 til 2003 på om lag 2¾ prosent. Ei slik utvikling vil gje ein klar realvekst i pensjonane i år .

Tabell 4.2. syner pensjonen etter skatt i prosent av disponibel inntekt som yrkesaktiv (nettopensjonsdekningsprosent). Gruppene med låg inntekt får høgare disponibel pensjon som del av tidlegare yrkesinntekt enn høginntektsgruppene.

*Tabell 4.2 Nettopensjonsdekningsprosent i 2002 for pensjonistar med opptente poeng alle år frå 1967 som vart alderspensjonistar i 2002 og ved fullt opptent pensjon. Pensjonsalder 67 år.*

	Brutto lønsinntekt. Kroner			
	159 700	212 933	266 167	372 633
	Sluttpoengtal			
	2,00	3,00	4,00	5,33/6,0
Br.pensj. for einslege, 1935-kullet. Kr.....	96 517	118 159	139 801	180 921
Br.pensj. for einslege, 1940-kullet. Kr.....	99 950	123 309	146 668	193 385
Br.pensj. for einslege, 1975-kullet. Kr.....	97 949	120 307	142 664	172 400
	Netto pensjonsdekningsprosent			
Einslege				
1935-kullet .....	80	72	65	59
1940-kullet .....	82	74	67	63
1975-kullet .....	81	73	66	57
Pensjonistektepar (ein minstepensjonist)1)				
1935-kullet .....	125	108	96	81
1940-kullet .....	128	110	98	84
1975-kullet .....	126	109	96	79
Pensjonistar som forsørgjer ektefelle (yngre enn 60 år)				
1935-kullet .....	95	87	83	73

1940-kullet .....	98	91	86	75
1975-kullet .....	96	89	85	71

1) Minstepensjonist utan tidligare arbeidsinntekt og utan pensjonspoeng i folketrygda

Kjelde: Rikstrygdeverket

I vedlegget til proposisjonen går den historiske utviklinga av pensjonane m.v. fram. Tabellane i vedlegget syner m.a. utviklinga i minstepensjon frå 1970 både i nominell og reell verdi. Det går fram at minstepensjonen har hatt ein særleg sterk realvekst som ein må sjå saman med opptrapping av satsane for særtillegg.

## 5 Skattereglane for pensjonistar i 2003

Dei særlege skattereglane for pensjonistar i 2003 er i hovudsak ei vidareføring av skattereglane frå 1992.

### *Alderspensionistar*

Frå og med den månaden skattytaren fyller 70 år, får han kvar måned eit særfrådrag i inntekta på 1 530 kroner. I 2003 utgjer fullt særfrådrag for heile året 1 530 kroner x 12 = 18 360 kroner. Har skattytaren etter fylte 67 år teke ut alderspensjon etter § 19-4 i folketrygdlova, har han òg rett til slikt særfrådrag (eventuelt avkorta om vedkomande ikkje har teke ut full alderspensjon). Særfrådraget vert gitt i allmenn inntekt, dvs. inntekta som ligg til grunn for utrekning av felles-, kommune- og fylkesskatt. Pensjonistar med avtalefesta pensjon (AFP) har ikkje rett til særfrådrag.

### *Uføre pensjonistar*

Skattytarar som får førebels uførestønad eller pensjon av di arbeidsevna er varig nedsett med minst to tredelar, skal i 2003 ha eit særfrådrag i inntekta på 1 530 kroner pr. måned, tilsvarande 18 360 kroner for heile året. Viss arbeidsevna er nedsett med mellom halvdelen og to tredelar, skal vedkomande ha eit halvt særfrådrag. Særfrådraget vert gitt i allmenn inntekt.

### *Særskild skatteavgrensingsregel*

For skattytarar som har rett til fullt særfrådrag etter dei reglane som er nemnde ovanfor, skal det ikkje reknast ut skatt når den allmenne inntekta til skattytaren før særfrådrag er under 85 200 kroner for einslege og 138 300 kroner for ektepar. Ved utrekning av inntekta skal ein leggja til 2 pst. av skattepliktig formue over 200 000 kroner.

Dersom inntekta ligg over dei fastsette skattefrie grensene, skal ein i utgangspunktet rekna skatt av heile inntekta etter dei ordinære reglane for pensjonistar. Skatten skal likevel ikkje overstige 55 pst. av den allmenne inntekta (før særfrådrag) over den skattefrie beløpsgrensa. Skatten vert på denne måten

*avgrensa* til maksimalt 55 pst. av den allmenne inntekta som ligg høgare enn beløpsgrensene.

Denne regelen gjeld òg for skattyttarar som tek i mot overgangsstonad, etterlatnepensjon eller avtalefesta pensjon (AFP). Den særskilde skatteavgrensingsregelen vert brukt ved utrekning av trygdeavgift, felles-, kommune- og fylkesskatt. Regelen vert ikkje nytta ved fastsetjing av toppskatt eller skatt på formue.

### *Trygdeavgift*

Satsen for trygdeavgift på pensjonsinntekt mv. i 2003 er 3 pst.

## **6 Krigspensjonering**

Utgiftene til krigspensjon etter lov 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering for militærpersonar (§ 19) og lov 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjonering for heimstyrkepersonell og sivilpersonar (§ 25), vert dekkja av staten.

Under Kap 660, post 70 Tilskott militære og post 71 Tilskott sivile, er det for 2003 løyvd respektive 269 mill. kroner og 662 mill. kroner.

Pensjonane skal etter tilleggslova av 29. juni 1951 nr. 34, regulerast som for statspensjonane, dvs i takt med grunnbeløpet i folketrygda. For 2003 vert det rekna med meirutgifter på 8 mill. kroner for krigspensjoneringa for militærpersonar og på 19 mill. kroner for krigspensjoneringa for heimstyrkepersonell og sivilpersonar.

Krigspensjon vert samordna med pensjonar frå folketrygda. Det vert gjort framlegg om at løyvinga under Kap 660 Krigspensjonering aukar med 27 mill. kroner.

## **7 Avtalefesta pensjon**

Etter lov av 23. desember 1988 nr. 110 om statstilskott til ordningar for avtalefesta pensjon, yter staten tilskott med 40 pst. av pensjonsutgiftene for pensjonistar som er fylde 64 år (§ 6).

Under Kap 666, post 70 Tilskott er det for 2003 løyvd 686 mill. kroner i statstilskott.

Pensjonen skal regulerast på same måte som pensjonane i folketrygda. Det vert gjort framlegg om at statstilskottet aukar med 20 mill. kroner for 2003.

